

## Årsmelding for Sør-Aurdal Historielag 2023

Styret har bestått av leiar Åse Østgård Hagen, kasserar Halstein Heiene, sekretær Anne Karin Eid, styremedlem Solveig Ottosen og styremedlem Amund Grønhaug fram til april 2023. 31.mars gjekk Solveig Ottosen bort etter lang tids sjukdom. Ho vart æresmedlem i 2015, og vart heidra for sin store og verdifulle innsats i historielaget. Ho var sekretær i styret heilt sidan starten i 1982, med unntak av eit par år på 1990-talet. I stiftelsen Bangsmoen var Solveig historielaget sin representant i nesten 20 år. Ved hennar bortgang har laget mista ei eldsjel og ein stor kapasitet når det gjeld lokalhistoria i Sør-Aurdal.

I styremøte i april rykka varamedlem Sigrid Haugen opp som fast medlem i styret. Medlemstalet har nesten dobla seg dei siste fem åra. Ved årets slutt hadde laget 105 medlemmar. Styret vil seie at aktiviteten i laget var stor i 2023. Heimesida og Facebooksida til historielaget har mange følgjarar, desse sidene har vorte viktige når det gjeld å nå ut til mange med informasjon om aktivitetane i laget.

I 2023 har vi hatt to styremøter, årsmøte, kommunikasjon via epost, samt to møter i gruppa som registerer skogskoier i kommunen. Mykje av registreringa er no unnagjort, men arbeidet held fram med Anette Hougsrud i spissen, Sigrid og Åse er også med i arbeidet. Det må søkjast om midlar til boktrykkinga, dette kan vi setja i gang med til våren.

På årsmøtet i februar vart Trond Bråten tildelt æresmedlemskap. Han er levande interessert i historie, ikkje minst lokalhistorie. Denne kunnskapen har han formidla vidare til nye generasjonar gjennom både munnleg og skriftleg overføring. Historielaget takka Trond for innsatsen med overrekking av æres-diplom og blomster. Laget har no to æresmedlemmer: Tor Morten Røhr og Trond Bråten.

Tom Lium heldt foredrag på årsmøtet om tungtvannsaksjonen på Vemork som vart kalla «Operasjon Gunnerside». Han viste bilder og fortalte om den 19 dagar lange flukta frå Vemork, over Hardangervidda, Valdres og vidare over til Sverige. Den 10 mars 2023 sette historielaget opp ei informasjonstavle ved parkeringsplassen ved Sangin på Nordre Fjellstølen. Dette for å markere at det var 80 år sidan dei fem tungtvannsabotørane kom forbi på Nordre Fjellstølen, og overnatta i ei seterbu her, natta frå den 9. til 10. mars i 1943.

Sommarturen gjekk til Rjukan og Vemork den 19. og 20. august med 24 deltagarar. Målet med turen var å besøke Norsk Industriarbeidermuseum og Tungtvannskjellaren som vart opna som museum 18. juni 2022. Den er mest kjent for den vellukka sabotasjeaksjonen «Gunnerside» som vart gjennomført her natt til 28. februar 1943.

Med i planane for turen til Rjukan var og at vi skulle ta Gaustabanen opp til Gaustatoppen, men regn og tett tåke sette ein stopper for det. Eit besøk i Heddal stavkyrkje fekk vi tid til på turen heimatt.

27. august var historielaget medarrangør på ei vandring langs Kongevegen på Leirskogen med start ved Olavskjelda på Breidablikk. Arrangementet var eit av fleire som markerte 1000-års jubileet for kristninga av Valdres. 35 personar deltok, blant dei prosten i Valdres, Carl Philip Weisser og biskopen i Hamar bispedømme, Ole Kristian Bonden. Prost Weisser og Anne Karin Eid tala ved kjelda før vi starta. Turen fram til Leirskogen kyrkje gjekk i regnvêr, men stemninga var god med song, historier og konkurranse. Vel framme var det servering i kyrkjestugu, deretter konsert i kyrkja. Ein dugnadsgjeng på Leirskogen med Liv Skaaren-Fystro som primus motor, hadde gjort ein stor jobb med rydding, skilting og tilrettelegging av Kongevegen. Historielaget kosta og sette opp ei informasjonstavle nede ved vegen ved Olavskjelda. Vandringa med konserten etterpå var eit samarbeid mellom Prosten i Valdres, Leirskogen sokneråd, dugnadsgjengen på Leirskogen og historielaget.

I 2012 vart det vedteke at historielaget skulle ha ansvar for å rydde og merke tre gamle stigar i kommunen. Det gjaldt Gamlebakka mellom Hedalen og Begndalen, stigen til plassane Farin og Forskrekkelsen og gamle Stabelvegen frå Bagn til Etnedal. I september tok nokre historielagsmedlemmar turen opp til dei to gamle buplassane i Faralie. Med motorsag og anna eigna reiskap vart stigen rydda for tre og busker som stengde. Stigen er merka frå starten sør for Bergsundtunnelen og opp til tuftene. Til våren vil det koma opp eit skilt som vil fortelja meir om historia til plassane Farin og Forskrekkelsen. Vegen mellom Hedalen og Begnadalen vart delvis rydda av styret i juni 2021, men etter stormen i november same året er det sikkert nødvendig å sjå på den på nytt. Stabelvegen er det ikkje gjort noko med dei siste åra.

21. oktober drog fem historielagsmedlemmar innover åsen ovafor Øvergård på Leirskogen for å sjå på gravrøysene som skulle finnast her. På Svarttjernknatten ved Svartetjednet fann vi den største gravrøysa. Haugen med steinar i omlag same storlek var ca. 10 meter i diameter og bortimot 1 meter høg. Det låg ei mindre røys ca. 30 meter unna den største. I brevet frå Kulturvernavdelinga ved Innlandet fylke står det følgjande: "Plasseringa av gravrøysene, på ein topp, langt frå kjent busetjing, tyder på at dei kan være svært gamle, truleg så langt tilbake som til bronsealderen". Historielaget vil ta kontakt med Kulturvernavdelinga til våren og høyre om det er mogeleg å få sett opp ei informasjonstavle ved røysene.

13. november var det ein triveleg og interessant "verktøykveld" på biblioteket på Bagn. Odd Arne Rudi frå Valdresmusea kom med en diger koffert med mange gamle, merkelege reiskapar. Fleire av deltakarane hadde og med seg ulike ting. Mange hadde aldri sett gjenstandane før og visste heller ikkje kva det hadde vore brukt til. Fantasien blomstra og mange kreative forslag kom fram. Arrangementet var et samarbeid mellom Sør-Aurdal Frivilligsentral, Valdresmusea og historielaget.

Registrering av lokale stadnamn starta i 1988, med komitear frå alle bygder i Sør-Aurdal. Ca. 7000 namn på 146 kartblad vart samla inn den gongen, dette tok 10 år og vart avslutta i 1998. Dette låg lagra på kommunehuset i 25 år før det vart teke fram att. Fyrst på året 2023 starta arbeidet med å få namna inn på digitale kart, dette er no fullførd. Stadnamn er ein viktig del av kulturhistoria vår og Kartverket seie det slik:

**«Eit stadnamn er eit kulturminne vi har arva»**

Trond Olsen Skinnrud frå Reinli skreiv dagbok i åra 1810-1880 og den er trygt lagra på Valdres Folkemuseum. Jon Ola Gjermundsen tipsa laget om dette for fleire år sidan. Det er take kopier av sidene som er skreve med gotisk skrift. Mona Dalen vil hjelpe med tydinga av skrifta, slik at det kan bli leseleg for fleire.

Salet av Sagn og Soge 2022 har gått strykande og er ein viktig del av lagets økonomi. Utpå hausten 2024 kjem eit nytt hefte, redaksjonskomiteen består av Marianne Bjørnstad, Anne Marit Framnes, Gunn Lundene, Sigrid Haugen, Ragna Heiene. Nytt medlem er Kåre Leite etter at Trond Bråten trekte seg i fjar. Tusen takk til Trond for alle bidrag til Sagn og Soge gjennom mange år!

Styret vil takke alle som i 2023 har gjort ein innsats for Sør-Aurdal Historielag. Vi håper på eit år med nye, spanande utfordringar og mange aktive medlemmar. Vi ser at samarbeid med andre lag og foreiningar er nyttig og bidreg til endå større aktivitet. Dette er vi innstilte på å halde fram med.